

SULA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL

Det blir kalla inn til møte i kontrollutvalet

Onsdag, 25.09.2019 kl. 14.00 på Solevåg skule, Solevågseidet 57, sosialrommet

SAKLISTE:

- Sak 16/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 24.05.2019
- Sak 17/19 - Revisors vurdering av uavhengigheit.
- Sak 18/19 - Revisjonsrapport 2018 Sula kommune.
- Sak 19/19 - Oppfølging av KU sak 15/19, orientering ved rådmann.

Melding: Vedtak – Sula kommunestyre.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Ronny Harald Blomvik
leiar
(sign.)

Sak 16/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 24.05.2019

KONTROLLVALET I SULA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 24.05.2019, kl.14.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Geir Ove Vegsund.

Elles til stades:

Sverre Østrem og Asbjørn Tryggestad.

Meldt forfall: Ronny H. Blomvik og Inger Øien.

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsrevisor Knut G. Alnes, Svein Ove Otterlei, Solrunn Aannø Tusvik og konst. leiar Kurt Løvoll.

Frå Sula kommune møtte rådmann Leon Aurdal og økonomisjef Britt Blindheim.

Asbjørn Tryggestad hadde følgjande merknad til innkallinga: det er ikkje mogleg å finne opplysningar om kontrollutvalets møter på Sula kommune si heimeside. Saklista blei godkjent.

Sak 10/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 20.03.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møte 20. mars 2019 blir godkjent.

Sak 11/19 - Årsmelding 2018 Sula kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for Sula kommune til orientering.

Sak 12/19 - Årsrekneskapen 2018 Sula kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. mai 2019

Tilråding på uttale frå sekretariatet:

Sula kommune sin rekneskap for 2018 blir godkjent.

Nestleiar Geir Ove Vegsund fremma på vegne av kontrollutvalet eit nytt punkt 2:

Kontrollutvalet er bekymra for den høge lånegjelda i Sula kommune. Kommunestyret bør være varsam med framtidig auke i lånegjelda.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til uttale:

1. Sula kommune sin rekneskap for 2018 blir godkjent.
 2. Kontrollutvalet er bekymra for den høge lånegjelda i Sula kommune. Kommunestyret bør være varsam med framtidig auke i lånegjelda.
-

Sak 13/19 - Årsmelding 2018 Sula kontrollutval.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 16. mai 2019 blir vedteke som årsmelding 2018 for Sula kontrollutval.

Sak 14/19 - Forvaltningsrevisjon «Investeringsbudsjettering i Sula kommune»

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

På bakgrunn av ovenforstående legger kontrollutvalget saken frem for Sula kommunestyre med følgende innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen av investeringsbudsjettering i Sula kommune til vitande.
2. Kommunestyret tilrår rådmann å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten for å gjere denne type arbeid betre i Sula kommune.
3. Kommunestyret ber rådmann spesielt sjå nærare på kapittelet 5 til rapporten og sterkt vurdere mogleigheita til å innarbeide desse konkrete forslaga.

Sak 15/19 - Implementering av nye rutinar ved offentlege anskaffingar.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. mai 2019

Rådmann Leon Aurdal og økonomisjef Britt Blindheim ga ei grundig orientering kring dei rutinane som no er implementert i Sula kommune.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til vitande. På utvalets neste møte onsdag 28. august ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering på arbeidet.

Eventuelt:

Sula kontrollutval ønskjer at neste møte 28. august blir halde i Sula kommune. Gjerne som eit besøk på ein ny skule.

Møtet var slutt kl. 15.25

Geir Ove Vegsund	Asbjørn Tryggestad	Sverre Østrem
nestleiar	medlem	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)

Sak 17/19 - Revisors vurdering av uavhengigheit.

Vedlegg: Brev frå Kommunerevisjon 3 IKS datert 17. juni 2019

Bakgrunn:

Oppdragsansvarleg revisor og revisor sine medarbeidarar på oppdraget skal vere uavhengige. Dei kan ikkje ha ei tilknytning til kommunen som går ut over ei uavhengig eller objektiv gjennomføring av revisjonen. Dette inneber mellom anna at dei ikkje kan:

- Ha andre stillingar, eller vere medlem av styrande organ, hjå kommunen eller verksemd som kommunen har økonomiske interesser i.
- Delta i eller ha funksjoner i anna verksemd dersom dette er i konflikt med rolla som revisor for kommunen.

I vurderinga av om revisor er uavhengig, er det også relevant om revisor sine nærstående eller revisor sine medarbeidarar har tilknytning til kommunen.

Det er vidare lagt avgrensingar på kva andre tenester revisor kan levere til kommunen. Dette gjeld:

- Rådgjevingstenester dersom desse er eigna til å reise tvil om revisor er uavhengig.
- Tenester som har med leiing og kontroll i kommunen å gjere.
- Å opptre som fullmektig for kommunen.

Dei som utfører revisjon for kommunen skal sjølve vurdere fortløpande om dei er uavhengige. Oppdragsansvarleg revisor skal årleg levere ei skriftleg eigenvurdering av sitt sjølvstende (uavhengigvurdering) til kontrollutvalet. Denne ligg som vedlegg.

Oppdragsansvarleg revisor kan vurdere å endre fordelinga av oppgåvene til dei enkelte medarbeidarane over tid, slik at ein enkelt revisor ikkje blir sitjande med dei same oppgåvene over ein for lang periode.

Innstilling til vedtak:

Kontrollutvalet i Sula kommune tek revisors vurdering av uavhengigheit til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Til kontrollutvalget

i Sula kommune

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Sula kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Sula kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i></p>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Sula kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptrer som fullmektig for Sula kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Ålesund, 17. juni 2019


Knut Gunnar Alnes

Oppdragsansvarlig revisor Sula kommune

Sak 18/19 - Revisjonsrapport 2018 Sula kommune.

Vedlegg: Rapport rekneskapsrevisjon 2018 – Sula kommune, datert 17. september 2019.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i Revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapan, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

For ei fagleg vurdering vises det til vedlagte rapport. Kontrollutvalet sitt ansvar omfattar ikkje ei fagleg vurdering av korleis revisjonen blir utført, då revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for dette.

Innstilling til vedtak:

Sula kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutval sekretariat IKS

Mottakarar:
Sula kontrollutval

Rådmannen i Sula kommune

Vår sakshandsamar:
Solrun Aannø Tusvik

Vår dato:
17.9.2019

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar
referanse:

Rekneskapsrevisjon 2018 – Sula kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapsen for rekneskapsåret 2018 for Sula kommune.

Vår oppgåve er i første rekkje å gje ein uttale om årsrekneskapsen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapsen, gje ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapsen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2018. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

Salsområdet – utfakturering kommunale avgifter

Det er gjort kontrollar knytt til eit utval eigedommar. Vi har funne at dei fakturerte prisane er i samsvar med vedtekne gebyrsatsar. Alle kontrollerte eigedommar er fakturert for vatn og avløp. For eigedommar som ikkje har vassmålar er det fakturert etter areal, og arealet som dannar grunnlag for faktura stemmer med bruksarealet som er registrert i matrikkelen.

Private hushald er pliktige til å abonnere på kommunal renovasjonsordning. Sula kommune tilbyr ikkje renovasjonstenester til næringskundar. For kontrollerte eigedommar som er eig av privatpersonar er det fakturert for renovasjon. Fakturerte prisar i samsvar med vedtatte gebyrsatser.

Innkjøp – attestasjon, tilvising, delegering

Godkjenning av inngåande faktura skjer elektronisk i ein eigen modul i økonomisystemet. For kvar faktura går det fram av systemet kven som har motteke, kontert, attestert og tilvist fakturaen. For at

ein faktura skal gå gjennom systemet og vidare til utbetaling, må den vere attestert og tilvist av to ulike personar.

Rådmannen har tilvisingsmynde for heile kommuneorganisasjonen, og har delegert dette vidare internt i kommunen. Personar med delegert tilvisingsmynde kan vidare delegere dette eitt ledd. Den som har tilvisingsmynde kan også attestere, og kan gje underordna mynde til å attestere. Ein person kan ikkje både attestere og tilvise same bilag.

Rutinane knytt til attestasjon og tilvising er med å sikre at berre faktura som gjeld kommunen, blir utbetalt og bokført. Rutinane er også eigna til å hindre feil i rekneskapen knytt til kontering, handsaming av meirverdiavgift og liknande.

Overføringsområdet

Overføringar kan delast i overføringar med og utan krav til motyting. Overføringsinntekter utan krav til motyting er inntekter kommunen mottok uavhengig av den konkrete tenesteproduksjonen. Rammetilskot og skatteinntekter utgjer det alt vesentlege av desse inntektene. Ulike tilskot frå IMDi til flyktningar er også rekna som overføring utan krav til motyting. Både skatt, ramme og flyktingetilskot vert avstemt i samband med årsoppgjeret, og inntektsførte beløp i 2018 stemmer med opplysningar frå statleg hald.

Av overføringar med krav til motyting er refusjon ressurskrevande ein vesentleg post. For 2018 utgjer refusjonsbeløpet for Sula kommune kr 22,1 mill. Gjennom ordninga med refusjon for særleg ressurskrevande helse og omsorgstenester får kommunen refundert 80 % av direkte lønsutgiftene knytt til slike tenester, utover innslagspunktet på kr 1 270 000. Revisor skal kontrollere refusjonskravet som kommunen utarbeider, før kravet vert oversendt Helsedirektoratet. Refusjonskravet vi fekk til kontroll var godt dokumentert og hadde generelt god kvalitet. Det vart gjort berre mindre justeringar i refusjonskravet før innsending.

Meirverdiavgiftskompensasjon er ei anna stor overføringsinntekt, og tilsvarer betalt meirverdiavgift som gir rett til kompensasjon (kompensasjonsberettiga). Det er krav om revisorattestasjon på kompensasjonskravet, og det vert gjennomført kontrollar kvar termin.

På utgiftssida er overføring til soknerådet, kulturtilskot og tilskot til Sula bedriftsteneste store postar. Våre kontrollar knytt til eit utval av desse postane viser at utbetalingane er i tråd med vedtak og avtaler. Økonomisk sosialhjelp fell også inn under overføringsområdet. Vi har kartlagt rutinene for utbetaling, og vi vurderer at desse er eigna til å hindre og avdekke feil.

Rutinar for førebygging av misleg framferd pasientmidlar og byggjesaksbehandling

Revisjonen har for 2018 hatt felles fokus på den interne kontrollen som er etablert for å førebygge misleg framferd. Med bakgrunn i dette bad vi kommunane om å få tilsendt relevante skriftlege rutinar innan

- Areal, plan og byggesakshandsaming
- Handtering av midlar for brukarar innan pleie og omsorg

Kommunen viser i sitt svar til at det i 2018 vart vedteke både etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Sula kommune og felles retningslinjer for innkjøp. Retningslinjene skal vere ei hjelp til

større forståing, openheit og innsyn, og med det unngå spekulasjonar og mistanke om uetiske handlingar og kritikkverdige forhold.

Areal, plan og byggesakshandsaming

Kommunen har ikkje *skriftlege* rutiner for å førebygge mislege høve på dette området. Sakshandsaminga er basert på generell forvaltningsskikk og kommunen sin etiske retningslinjer.

Handtering av midlar for brukarar innan pleie og omsorg

Kommunen har ikkje sendt over *skriftlege* rutiner på området, men har skissert korleis praksis er i dei ulike einingane innan pleie og omsorg. I nokre einingar vert det ikkje oppbevart kontantar på vegne av brukarane i det heile, her har brukaren sjølv, evt pårørande eller verge, ansvaret. I andre einingar vert det handtert mindre kontantbeløp. Vår vurdering er at skissert praksis/rutinar er med på å førebygge misleg framferd.

På generelt grunnlag vil vi peike på at formalisering i form av skriftlege rutinar kan vere med å sikre eins praksis og gje auka medvit om god praksis.

Med helsing



Knut G. Alnes
oppdragsansvarleg revisor



Solrun Aannø Tusvik
revisjonsrådgjevar

Sak 19/19 - Oppfylging av KU sak 15/19, orientering ved rådmann.

Bakgrunn: frå møteboka 24. mai 2019.

Sak 15/19 - Implementering av nye rutinar ved offentlege anskaffingar.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. mai 2019

Rådmann Leon Aurdal og økonomisjef Britt Blindheim ga ei grundig orientering kring dei rutinane som no er implementert i Sula kommune.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til vitande. På utvalets neste møte onsdag 28. august ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering på arbeidet.

På bakgrunn av den informasjonen som er komen fram og som no er forventa å verte nærare klargjort i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming.

Saka vert etter dette lagt fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Melding:



SULA KOMMUNE
Eining for service- og støttetjenester

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat Iks
Postboks 7881 Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Vår ref.:
19/15892

Saksbeh.:
ÅRE

Ark.:
K1-216

Dykkar ref.:

Dato:
17.06.2019

Melding om vedtak - Sula kommunestyre

Sula kommunestyre har i møte 13.06.2019, sak 055/19, behandla sak om forvaltningsrevisjon – investeringsbudsjettering i Sula kommune. Saksframlegg med vedtak påført følger vedlagt.

Med helsing

Åge Erstad Remvik
formannskapssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Vedlegg:

Dato
17.06.2019

Tittel

Sak frå Sula kontrollutval - Forvaltningsrevisjon -
investeringsbudsjettering i Sula kommune

Kopi til:

Jim Arve Røssevoll
Leon Aurdal

Rådmann

FISKARSTRAND

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70 19 78 32

E-post:
post@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
4212.23.28079
Skattekonto:
6345 06 15317

Foretaksnr.:
964 980 543

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Åge Erstad Remvik	Arkiv:	K1-216
Arkivsaksnr:	05/2138 19/13967		

Sak frå Sula kontrollutval - Forvaltningsrevisjon - investeringsbudsjettering i Sula kommune

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Kommunestyret	13.06.2019	055/19

Kontrollutvalet si innstilling:

- 1.Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen av investeringsbudsjettering i Sulakommune til vitande.
- 2.Kommunestyret tilrår rådmann å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten for å gjere denne type arbeid betre i Sula kommune.
- 3.Kommunestyret ber rådmann spesielt sjå nærare på kapittelet 5 til rapporten og sterkt vurdere mogleigheiten til å innarbeide desse konkrete forslaga.

Tittel	Dok.ID
Særutskrift av sak 14 2019 investeringsbudsjett Sula kontrollutval	408308
Rapport - Investeringsbudsjettering i Sula kommune	408306
Oversendings- e-post	408307

13.06.2019 Kommunestyret

Innstillinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtatt.

K-055/19 Vedtak:

- 1.Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen av investeringsbudsjettering i Sulakommune til vitande.
- 2.Kommunestyret tilrår rådmann å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten for å gjere denne type arbeid betre i Sula kommune.
- 3.Kommunestyret ber rådmann spesielt sjå nærare på kapittelet 5 til rapporten og sterkt vurdere mogleigheiten til å innarbeide desse konkrete forslaga.

Bakgrunn for saka:

Sula kontrollutval vedtok i møte 16.januar å iverksette forvaltningsrevisjon knytt til Sula kommune sitt investeringsbudsjett. Kommunerevisjonen har med utgangspunkt i oppdrag frå kontrollutvalet utarbeidd rapporten «Investeringsbudsjettering i Sula kommune». Rapporten vart behandla i Sula kontrollutval i møte 24.05.19, der kontrollutvalet gjorde slikt samrøystes

vedtak:

«På bakgrunn av ovenforstående legger kontrollutvalget saken frem for Sula kommunestyre med følgende innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen av investeringsbudsjettering i Sulakommune til vitande.

2. Kommunestyret tilrår rådmann å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten for å gjere denne type arbeid betre i Sula kommune.

3. Kommunestyret ber rådmann spesielt sjå nærare på kapittelet 5 til rapporten og sterkt vurdere mogleigheiten til å innarbeide desse konkrete forslaga.»

Særutskrift frå kontrollutvalet si behandling av sak 14/19 *Forvaltningsrevisjon «Investeringsbudsjettering i Sula kommune»*, samt rapporten frå kommunerevisjonen følger vedlagt.